



Det var ikkje mange som svinga seg på Dønhaug laurdag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Magne Huglen gjekk på ein smell laurdag kveld. Berre 36 betalande var på låvedans med The Rich Harper Blues Band då klokka runda midnatt. Det ualminnelege vonde veret med regn og blest får ta skylda for at eit bluesband i toppklassen ikkje lokka fleire denne gongen.

- Triste greier, sa ein av dei største blueselskarane i i Uskedalen, Bjarne Lilleaas som var ein av vaktene. Han verka oppriktig lei seg. Då var verten sjølv i atskillig betre humør og uttrykte seg slik overfor uskedalen.no:

- Gamle sosialistar tar alt med fatning, også denne baksmellen. Eg slutta å bekymra meg over slikt for to år sidan.

Eg visste og veit at nokre av låvedansane vil eg tena svært godt på, medan det motsette er tilfellet med andre. Det som tel er resultatet ved slutten av året, sa Magne Huglen.

Han fekk fullklaff med den første låvedansen i år, med Vassendgutane, og vonar at både vergudar og andre faktorar står han bi att neste gong.

Og med omsyn til dei tre karane frå California på scena lot dei seg ikkje affisera av at det var sa få som hørte på og svinga seg. Dei spela slik dei kan det og det sier ikkje lite...

Av Ola Matti Mathisen